20.10.2022

KiM
KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

ALVER

20 OKT. 2022

Alver kommune
Plan og analyse v/ Trude Langedal
P.b. 4
5006 FREKHAUG

17.10.2022

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR ROBUSTE BUSTADER I KNARVIK GBNR 188/406**

Kim eigedom as er eigar av nabotomt med Gbnr 188/575. Til orientering er KIM Eigedom as igjen eigd av Alver kommune – 100%

Takkar for varsel om oppstart av detaljreguleringsplan, og me ynskjer Alver kommune sine robuste omsorgsbustader velkommen som framtidige naboar!

Me ynskjer med dette å signalisere at KIM Eigedom as nyleg har gjort styrevedtak om å utvikle eigen tomt. På tomta står det i dag eit eldre bygg som er ueigna til formålet som er butikkdrift – gjenbruksbutikk. Me vil primært rive eksisterande bygg, og erstatte dette med eit bygg på to til tre etasjar. I samband med kommunen sitt planarbeid, ser me det som viktig at dagleg leiar for KIM Eigedom as vert invitert med i planprosessen så tidleg som mogleg

Me ynskjer samstundes å signalisere til Alver kommune, at me i vårt framtidige bygg kan realisere kommunen sutt behov for robuste bustader i vårt bygg. Alver kommune kan då leige bustadane på langtidskontrakt. Dette kan gjere det mogleg for Kim Eigedom as å realisere eit tenleg bygg, og kommunen kan sleppe å bandleggje heile sin tomt. For å kunna få dette til, ser me mange moglege planløysingar som bør kunna la seg realisere. I alle fall dersom me kan sjå begge tomtene samla sett. Bygget kan anten vere eit treetasjes bygg med bustader i 3 etg, Evt ein type planløysing med halvpartenav bustadane i fyrste høgda / grunnplanet og halvparten i 2. høgda. Sjølv har me behov for eit bygg med butikklokale og diverse lager mm i 2 høgder.

Me ynskjer Alver kommune lykke til med planarbeidet!

Knarvik 17. oktober 2022.

Med helsing

Jan- Åge Johannessen
Styreleiar

Morgan Taule
Dagleg leiar

Knarvik Industri og miljø AS Kvassnesvegen 52 – 54. 5914 ISDALSTØ Tlf 56978850
Org.nr 960610768. Bank 3632.07.05759. www.k-im.no \ post@k-im.no